

# Driftsplan Raudafjell villreinområde

## 2020-2024



## INNHALD

1	Naturgrunnlag og historikk	
1.1	Planperiode	3
1.2	Villreinområdet	3
1.2.1	Avgrensing og storleik	3
1.2.2	Naturgrunnlag	4
1.3	Beite og arealbruk	4
1.3.1	Beiter	4
1.3.2	Arealbruk	5
1.3.3	Militær aktivitet	5
1.3.4	Turisme og merka løyper	6
1.4	Historikk	6
1.5	Forvaltningsgrunnlaget	6
1.5.1	Totalteljingar	7
1.5.2	Kalvateljingar	7
1.5.3	Strukturteljingar	7
1.5.4	Oppsummering	8
	Driftsplan	
1.6	Plan for stammestorleik og forvaltning	8
1.6.1	Målsetjingar	8
1.6.2	Bestandsstorleik	8
1.6.3	Stammeforvaltning	9
1.7	Tiltak og planperiode	10
2.0	Areal og vedtekter	12
2.1	Eigedomsstruktur	12
	Vedtekter Raudafjell villreinutval	14

## 1 Naturgrunnlag og historikk

### 1.1 Planperiode

Dette er den fyrste driftsplanen som er laga for Raudafjell villreinområde, den skal gjelda i 5 år frå den er vedteken. Etter 5 år skal den reviderast og godkjennast for ein ny 5 års periode.

### 1.2 Villreinområdet

#### 1.2.1 Avgrensing og storleik

Raudafjell villreinområde ligg i Vestland fylke, i kommunane Aurland, Voss og Ulvik. Villreinområdet er avgrensa av Flåmsdalen i aust, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden i nord, Oppheimsvatnet og Langedalen i vest, vassdraget i Raundalen og Gravhalstunellen i sør.



#### 1.2.2 Naturgrunnlag

Geologisk så er Raudafjell villreinområde eit fjellområde med enkelte svært synlege geologiske innslag. Spesielt dei anortosittiske bergartane merkar seg ut med den ljose fargen og det fattige vegetasjonsdekke. Det er tre dominerande bergartar innanfor fjelltraktene: anortosittiske bergartar, gabbro/ anfibolittiske bergartar samt store mengder gneis. Sentralt i villreinområde er det store områder med sandhaldigt morenemateriale.

Terrenget innan villreinområdet er eit typisk vestnorsk fjellandskap. Landet reiser seg bratt opp frå fjordnivå og dalbotnar til vel 1000 – 1400 moh. Toppene nord og aust i


fjellområdet er på 1600 – 1700 moh., her er gode beitedalar. Med friskt beite heile sommaren og avblåne rabbar om vinteren. Lenger vest mot Voss er det skinnare berggrunn og tregrensa går lenger ned. Men her og er det fine beitedalar med tidleg groe om vårane.

### 1.3 Beiter og arealbruk





#### 1.3.1 Beiter

Avgrensinga av Raudafjell villreinområde er stort sett samanfallande med nedre grense til den lågalpine vegetasjonssonen, som strekkjer seg frå skoggrensa og opp til 1250 moh. I desse områda dominere blåbærheier, dvergbjørkkraut av lyngtype, greplyngheier og vierkraut. Det er den lågalpine sona som er dominerande innanfor villreinområdet.

Den mellomalpine vegetasjonssona omfattar områda frå 1250-1500 moh. Vegetasjonsdekke her består mykje av rabbesivheiar og forskjellige snøleiesamfunn. Denne sona finn ein større område av i søraustlege deler av fjella, samt i aukande grad nordover. I fjella mellom Underdal og Nærøyfjorden har ein fjellområde som strekker seg over høgalpine vegetasjonssone frå 1500 meters høgd.



Figur 6: Oversikt over vegetasjonssonene innanfor Raudafjell villreinområde.

	Høgalpine vegetasjonssone	> 1500 m.o.h.
	Mellomalpine vegetasjonssone	1250 - 1500 m.o.h.
	Lågalpine vegetasjonssone	Frå skoggrensa til 1250 m.o.h.
	Utanfor villreinområdet	

Kart vegetasjonssoner Raudafjell, John Håland 1994

### 1.3.2 Arealbruk

Som vanleg i mange villreinområde på Vestlandet gir den oppbrotne topografien mange terrenghindringar for eit fritt reintrekk. Men elles vil det kuperte terrenget by på gode moglegheiter for vinterbeite oppe på vindutsette fjellryggar (snaurabbar), der snøen sjeldan får ligge lenge i ro. Om våren vil reinen lett kunne finne beite i overgangar mellom bjørkeskogen og lågalpin sone (800 – 1000 moh). Her smeltar snøen tidleg, og grøne planter veks fram i snøkanten. Om sommaren vil det ligge att snøfonner oppe under dei høgste toppane, og i søkk og botnar der sola ikkje så lett får tak. Desse snøfonnene er viktige tilfluktstader for reinen i vindstille, varmt ver og når insektplaga er stor. Elles vil seint framsmeltande snøleier gje reinen ferske, grøne planter med høgt proteininnhald langt utover sommaren. Dvs. mjuke, unge spirer med lågt lignin- og fiber-innhald. Utpå seinvinteren og våren vil reinen kunne finne gode kalvingsplassar og spirande føde i solvendte lier i lågareliggjande områder.

Dei siste 10-15 åra har det vore javnlege observasjonar av villrein inn i Raudafjell villreinområde. Dei fyrste åra var det bukkaflokkar frå Nordfjella villreinområde som trekte inn frå Broksfjell, desse flokkane trekte tilbake att om haustane. No dei siste åra har me registrert fleire og fleire dyr som har brukt fjellområdet heile året.

Nyare registreringane syner at reinen går i gamle trekkruiter med kulturminne frå veidemannstida ( graver og bogastiller ), og dei vert også jamnleg registrert på lokalitetar i fjellet med stadnamn knytt til rein frå gamalt av (t.d Gravhalsen, Reinsgrovene).

Merkeprosjekt, det har vorte sett på radiosendarar for å sjå på arealbruken til reinen i områda mellom Nordfjella og Hardangervidda. I 2007 vart det merkt ei simle ved Fløyelsvatna i Ulvik herad, det er sør for Gravhalstunellen. Den vart merkt i ein flokk på ca. 40 dyr, simla fylgde etter flokken inn i Raudafjell men fann aldri flokken igjen og gjekk i eit ras i Flenjajuvet same våren.

Vinteren 2017 vart det sett på ein sendar på ei simle i Nisedalen, men berre nokre månader etterpå gjek den i eit ras mellom Stølshaug og Systraskaret.

Vinteren 2018 vart det sett på ein ny klave på ei simle og vinteren 2019 vart det sett på ein bukkaklave. Desse to dyra går i ein flokk og har helde seg i Undredalsfjella. Sommaren 2019 kom det inn ein bukk med klave som var merkt i Nordfjella nord for Hallingskarvet, den har helde seg i med flokken i Raudafjell etterpå.

### 1.3.3 Militær aktivitet

I deler av villreinområdet er det til tider omfattande militær aktivitet. Nærmare lokalisert føregår hovedaktiviteten i Rjoanddalen, Grodjuvet, Såtedalen og Brandsetdalen. Denne aktiviteten var meir omfattande på 1980 og 1990 talet, enn den er i dag. Men området er i bruk til ulike typar øvelsar kvar vinter. Denne type aktivitet har villreinformaltinga lite innverknad på, men ein kan informera om trongen for ro i kalvingstida.

Det militære øvingsområdet skjer seg inn i villreinområdet vestfrå. Villreintvalet meine det er viktig å ha arealet med innanfor villreinområdet, elles misse me moglegheitene for å vera med på arealforvaltninga i heile det vestlegaste området.

### 1.3.4 Turisme og merka løyper

Mykje av ferdselen inn i Raudafjell villreinområde kjem frå Vossasida. Topografien gjer att det er meir utfordrande å ta seg opp frå aust og nordsida. Men dei siste åra har me sett ein aukande trafikk opp frå Brekke.

Både i Raundalen og Brandsetdalen er det store hyttefelt og i tillegg er det Ungdomsherberge på Mjølfjell. Voss utferdslag har sjølvbetjent hytte på Grindafletane sentralt i villreinområdet. Det blir kvar vinter merka løype frå Ljosanddalen til Grindafletene og vidare til Fyre. Ein kan vel sei, att område ein når på dagsturar frå hyttefelta er mykje uroa frå vinterferien og utover til snøen forsvinn. Elles på året er det mindre ferdsel, dette er noko me har erfart frå liknande område eks. Hallingskarvet. Reinen brukar slike område fram til slutten på februar så trekke den ut og kjem tilbake utpå seinhausten, viss beita er gode.

Det er fleire merka stiar inn i villreinområdet, verdsarvstatusen og verneområde gjer att me må forventa auka trafikk av fotturistar.

## 1.4 Historikk

Graver til å fange villrein i, ledegjerder fram til gravene og steinmurar der jegerane låg bakom med pil og boge og venta på reinsflokkane (bogahi), er det ei mengd av i heile villreinområdet. I eldre tid frå 12000 – 8000 år sidan vandra villreinen inn i området. Det har vore fanga/veida villrein her i tusener av år, det er registrert fangstannlegg over heile villreinområdet.

I nyare tid har det vore gjort fleire forsøk på reetablering av villreinstamma i Raudafjell. Me veit att dei i 1933 sette ut 20 dyr, desse dyra voks raskt til 150 dyr nokre år etterpå. På 50-talet prøvde ein å halda flokken på ca 200 dyr, men utpå 60-talet var det på nytt lite dyr og dei sette ut 30 nye dyr i 1963. Desse dyra forsvann utover på 60-talet. Siste forsøk på utsetting er i 1974 då vart det sett ut 9 dyr.

Noko som har vore uheldigt i Raudafjell villreinområde er att når det har vore overpopulasjon av villrein på Hardangervidda har dei trekt inn i Raudafjell, vore der ei tid og så teke med seg lokale stammer når dei har trekt tilbake til sentralvidda. Dette skjedde både midt på -60 talet og tidleg på -80 talet. Det er noko av grunnen til svingingane i bestanden. Utover på 1980 og 1990 talet vart det hevda att det var tomt for villrein i Raudafjell villreinområde.

## 1.5 Forvaltningsgrunnlaget

Forvaltningsgrunnlaget er kort og godt den kjennskapen og kunnskapen vi har om villreinbestanden; talet på dyr, samansetnad osv., samt det vi veit om bestanden sitt krav til leveområde, t.d. beiteforhold.

Det grunnleggjande utgangspunktet er:

Arealforvaltning + Stammeforvaltning = Viltforvaltning

Metodar som forskinga tek i bruk i villtforvaltninga er *totalteljingar* vinterstid, *kalvetilvekstteljingar* i juni/juli, *struktureteljingar* etter at bukkane har funne fostringsflokkane om hausten og kondisjonsundersøking gjennom *kjeveinnsamlingar*. *Fellingsresultata* frå jakt gjev også viktig informasjon.

Den tida me er inne i no er ein oppbyggingsfase etter att villrein atter har byrja bruka området året rundt.

## 2 Totalteljingar

Her er oversikt over dei obsevasjonane me har dei siste åra, dei fyrste åra var det tilfeldige observasjonar, no dei siste åra er det meir systematiske teljingar.

Dato	Tal dyr	Type flokk	Stad	Kartreferanse	Obsevatør
19/4-2008	130	Blandingsflokk	Reinsgrovene	32 V 391406 6738285	Håkon Øydvin
19/4-2008	29	Bukkaflokk	Uppseteeggi	32 V 393121 6736740	Håkon Øydvin
12/4-2011	115	Blandingsflokk	Fossdalsvatnet	32 V 394091 6740980	Håkon Øydvin
23/1-2013	100	Blandingsflokk	Midtnosi	32 V 393467 6747045	K.U. Hansen
25/2-2013	60	Blandingsflokk	Bjørndalsnosi	32 V 393717 6744045	Håkon Øydvin
25/2-2013	15	Bukkaflokk	Flenjane	32 V 395151 6751431	Håkon Øydvin
10/7-2016	35	Fostringsflokk 10 kalvar	Rosshamrane	32 V 390715 6754854	David Underdal
29/3-2017	45	Blandingsflokk	Nisedalen	32 V 387207 6753687	Merking NINA
3/9-2017	40	Fostringsflokk	Sluppene	32 V 388914 6749293	S.T. Borlaug
5/7-2018	40	Fostringsflokk 13 kalvar	Fessene	32 V 388833 6753014	Kalveteljing Atle U. Borlaug
25/8-2018	35	Blandingsflokk	Vassetvatnet	32 V 390877 6741204	K.U.Hansen
19/10-2018	54	Blandingsflokk 14 kalvar	Nisedalen	32 V 387436 6752227	Strukturteljing Harald Skjerdal
11/3-2019	56	Minimumsteljing	Jonadalen	32 V 391937 6753739	K.U. Hansen
7/3-2020	63	Minimumsteljing	Grindafletane	32 V 387320 6746647	K.U.Hansen

### 2.1.2 Kalveteljingar

Me har teke utgangspunkt i heile flokken når me tel kalv, då er det ein del bukk med i totaltalet.

År	Stad	Totalt	Kalv	Kalveprosent
2016	Rosshamrane	35 dyr	10	28%
2018	Fessene	40 dyr	14	35%
2019	Jonadalen	45 dyr	11	24,5 %

### 2.1.3 Strukturtejingar

År	Stad	Bukk>3,5	Bukk 2,5	Bukk 1,5	Simle>1,5	Kalv
2018	Fessene 54 dyr	7stk, 13%	3stk, 5,5%	4stk, 7,5%	26stk, 48%	14stk, 26%
2019	Håskabotn 62 dyr	8 stk.12,9%	2 stk 3,2%	6 stk, 9,6%	27stk.43,5%	15 stk 24,1%

### 2.1.4 Oppsummering

Med disse opplysningar og kunnskap frå registreringar, teljingar og livsgrunnlag som pr. i dag føreligg, skulle ein tru at det er ei enkel sak å finne den optimale fordeling på alder og kjønn samt stammestorleik. Og ut i frå denne kunnskap setja i verk tiltak som gjev størst muleg tilvekst i høve til dei naturgjevne tilhøva. Men dette er inga enkel sak. Ei mengd variable faktorar som vêrtilhøve, endringar i beitesituasjonen, endringar i kondisjon, reproduksjonsevne og dødelegheit, trekk ut frå området, sjukdom/ulucker, rovdyr/ulovleg jakt m.m. gjer slike berekningar vanskelege.

Trass i variable faktorar og feilkjelder så er desse kunnskapane likevel grunnlaget me må bruke i stammeforvaltninga. Nye resultat frå NINA` s forskingsprosjekt, betra metodikk ved teljingar, undersøkingar og berekningsmåtar, samt auka kunnskap og innsikt hos lokale forvaltarar, bør gjera oss i stand til å driva ei stadig betre forvaltning. Den viktigaste forutsetjinga er at reinen får behalda sine leveområder, og at alt areal innafør villreinområdet er like viktig.

## Driftsplan

### 2.6 Plan for bestandsstorleik og forvaltning

#### 2.6.1 Målsettingar

- Å ta vare på og betra villreinområdet sin kvalitet som leveområde for villrein. I dette ligg også oppfølging av arbeidet med å sikre ei varig løysing som reduserar konflikter og konfliktpotensiale.
- Karleggja og evaluera rutenett, for å sjå på kva som er tenleg.
- Å sikra trekkvegane for villreinen innan området.
- Å sikra ei villreinstamme med sunne dyr og med ein naturleg samansetnad når det gjeld kjønn og alder.
- Å hausta av villreinstamma på ein slik måte at det gjev god avkastning og ei rettviss fordeling mellom jaktrettshavarane.
- Arbeide for ei human jakt med høg fellingsprosent.
- Arbeida for å leggja til rette for eit bestandsplanområde mellom Rv. 7 og Fv.50, der Raudafjell er med.



- Informasjon til jegerane og jaktrettshavarane om deira oppgåver i forvaltninga.

### 2.6.2 Bestandsstorleik

Dagens stammestorleik er på vel 63 dyr. Me må få NINA til å gjera ei vurdering av beiteresursane, sjølv om det truleg ikkje er minimumsfaktoren i Raudafjell. Villreinetvalet trur det som kan begrensa veksten i stamma er at reinen er utsett for å bli tekne av snøras og utvandring over Gravhalstunellen. Me vil tru at med ei vinterstamme på ca 200 dyr så er sjansen for utvandring mindre. For beiteresursane sin del kunne stamma truleg vore større.

Avhengig av strukturen i stamma kan ein vanlegvis forventa at flokken doblar seg kvart tredje år viss ein ikkje har uttak. Me trur det er for optimistisk i Raudafjell på grunn av topografien.

År	Vinterstamme	Simler	Kalvatilvekst	Dyr før jakt	Felling	Naturleg avgang 10%
2020	63	27	14	77	6	6
2021	65	33	16	81	6	6
2022	69	35	18	87	6	7
2023	74	37	19	93	6	7
2024	80	40	20	100	6	7
2025	87	44	22	109	6	8
2026	95	48	24	119	6	9
2027	104	52	26	130	6	10
2028	114	57	29	143	6	11
2029	126	63	34	160	6	12
2030	142	71	36	178	6	14
2031	158	79	40	198	6	15
2032	177	89	45	222	6	17
2033	199	100	50	249	30	20

Dette er ei teoretisk stammeutvikling, det som avgjer utviklinga er kor mykje avgang me har til, rovdyr som ørn, snøras og utvandring, me har lagt inn 10% kvart år. Etter kvart vil me få erfaring med avgangen og kan justera den.

Ut frå erfaringane så langt er det målsetninga å bygge opp ei permanent vinterstamme på ca 200 dyr, beiteresursane tilseier at me kunne hatt større stamme men faren for utvandring gjer at me går for ei mindre stamme no i fyrste driftsplan perioden.

### 2.6.3 Stammeforvaltning

Målsetjinga bør vere ein stammestruktur i vinterstammen på ca:

- 30 % bukk, av desse 15% 3,5 år og eldre
- 50 % simle 1,5 år og eldre
- 20 % kalv.

Ei fordeling av uttaket på sikt med ca

- 13 % eldre bukkar

- 17% småbukk (1,5 år)
- 45% simler
- 25% kalv

vil teoretisk kunne halde strukturen stabil. Erfaringane ved villreinjakt viser at fellingsprosenten på fridyrskort er mykje høgare enn t.d. på kalvekorta. Det må derfor takast omsyn til dette ved kvotefordelinga.

Tabellen nedanfor er å betrakta som eit framlegg til korleis beskatninga kan skje utover i neste driftsplanperioden. I denne berekninga er det lagt inn 10% naturleg avgang og evt. utvandring ( erfaringstal Nordfjella). Det er teke utgangspunkt i ein fellingsprosent på 60.

Me må og leggja inn att det er ynskje frå Miljødirektoratet å få inn CWD prøvar for å fylgja med, derfor opnar me for ei forsiktig jakt med ein gong

Det kan gje ei slik fordeling av fellingsløyve:

År	Dyr før jakt	Felling	Løyve	Frie	Simler/ungdyr	Kalv	Merknad
2020	77	6	10	10			
2021	81	6	10	10			
2022	87	6	10	10			
2023	93	6	10	10			
2024	100	6	10	10			
2025	109	6	10	10			
2026	119	6	10	10			
2027	130	6	10	10			
2028	143	6	10	10			
2029	160	6	10	10			
2030	178	6	10	10			
2031	198	6	10	10			
2032	222	6	10	10			
2033	249	30	50	7	30	13	

Dei fyrste åra legg me vekt på å freda fostringsflokken og konsentrera jakta i dei søraustlege delane av villreinområdet. Kva år me bør byrja på ei meir retta avskyting må evaluerast etter kvart som ein ser strukturen i stamma, kjem ein skeivt ut bør ein leggja om til retta avskyting.

Talet på fellingsløyve som skal nyttast i området og fordeling på kjønn og alder vert fastsett kvart år av Villreinemnda etter søknad basert på driftsplan frå Villreinutvalet. Villreinutvalet vil då leggja vekt på teljingar, driftsplan og erfaringar når dei kjem med kvoteforslaget.

## 2.7 Tiltak i planperioden

### Teljingar:

**Minimumsteljing** har vore gjennomført etter att villreinen har byrja bruka området att. Det vil vera viktig at minimumsteljingane held fram kvart år ut denne planperioden. I den aktuelle tidsperioden (februar og mars) må vêrforholda i heile området vera gunstig etter nyleg snøfall dersom ein skal få eit fullgodt resultat.

**Kalveteljing** bør skje i måndsskifte juni/ juli, då vil ein få eit tal på tilveksten. Nokre villreinområder tek denne teljinga på bakken og ser spesifikt på kor mange simler som har kalv i flokken. Dette er sjølvstøtt svært bra, men viss ein legg opp til å telja kalven i flokken + att ein får eit totaltal, så er det ein meir fleksibel i metode, då kan kalveteljinga utførast frå fly eller med bakkemannskap.

**Strukturtejling** blir gjennomført på hausten i oktober, den føregår med bakkemannskap. Då tel ein kor mange dyr det er i flokken av, bukk>3,5, bukk 2,5 år, bukk 1,5 år, simle> 1,5 år og kalv.

**Registrering av beiteressursane**, John Håland utførte beitegranskingar i 1994. Desse tala blir brukt no, innfor Driftsplanperioden må ein utføre nye granskingar. Dette er eit oppdrag det er råd å søkja statlege viltfondsmidlar til. NINA har kompetansen til å vurdere beitegranskingar, og koma med råd om stammestorleik. Endringar i beitetilgangen er særst viktig informasjon for forvaltninga og bør følgjast opp i planperioden.

**Jakttida** kan bestemast av styret i Villreinutvalet innfor jakttidsramma som MD har fastset for heile landet (20.08 – 30.09.).

**Fellesjakt** over jaktfelt og kommunegrenser skal styrast gjennom jaktavtala for grunneigarane i fjellområdet Aurland-Voss-Ulvik. Det er eit mål å organisera villreinområdet som eit jaktvald, med felles samjaktavtale, jamfør § 1 i vedtektene.

**Analyse av jaktuttaket** skal utførast, med fellingsløyvet som grunnlag, for å sjå kva for type dyr som vert felt på dei enkelte korttypar. Dermed vil ein få eit betre grunnlag for å utarbeida forslag til totalkvote og fordeling kvart år. Målsettinga skal vera ein reinflokk i best mogleg kondisjon.

**Kjeveinnsamling:** Villreinutvalet kan påleggja jegrane å levera inn kjevar til kjeveanalyse. No dei fyrste åra bør ein samla inn alle kjevar, for å fylgja med på alderssamansetninga i flokken.

**I tillegg til ovanfor nemnde tiltak** skal det arbeidast aktivt med tilrettelegging av ei forsvarleg oppsynsteneste både i jakttida og elles i året.

## 2. Areal og vedtekter

Arealdelen er teken ut og ligg no som eige dokument.

## 2.2

### VEDTEKTER FOR RAUDAFJELL VILLREINUTVAL

*Godkjent av Årsmøte 29/4-2019*

#### § 1. Føremål

Villreinutvalet skal styra villreinforvaltinga i Raudafjell villreinområde innanfor det som er jaktrettshavarane sitt ansvarsområde, og arbeida ut frå dei retningsliner som dei sentrale styresmakter bestemmer. Villreinforvaltinga skal byggja på ei ansvarleg driftsplanlegging og årlege avskytingsplanar, der viktige oppgåver vil vera:

- organisera villreinområdet som eit jaktvald, med felles samjaktavtale.
- ivareta villreinen i Raudafjell sine beiteområde og trekkruter
- struktur-, kalve- og totalteljingar (minimumsteljingar)
- kondisjonsundersøkingar, herunder kjeveinnsamling
- informasjon og jegeropplysning
- jaktoppsyn

§ 2. Utvalet er ein frittstående juridisk person med medlemmer, og er sjølv eigande. At den er sjølv eigande inneberer at ingen, verken medlemmar eller andre, har krav på utvalet si formue eller eigendeler, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktelsar.

#### § 3 Medlemskap

Raudafjell villreinområde er avgrensa av Flåmsdalen i aust, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden i nord, Oppheimsvatnet og Langedalen i vest, vassdraget i Raundalen og Gravhalstunellen i sør.

Villreinutvalet for Raudafjell villreinområde er ein frivillig samanslutning av jaktrettshavarar som ut frå hjorteviltforskriftene har teljande villreinareal innan Raudafjell villreinområde.

#### § 4 Styret

Grunneigarane i soknene Flåm, Aurland, Undredal, Nærøy, Vossestrond, Voss og Uppsete vel kvar sin representant og vararepresentant til styret for villreinutvalet for Raudafjell for 2 år om gongen.

Grunneigarane vel sin representant gjennom lokale grunneigarlag.

Årsmøtet for villreinutvalet for Raudafjell vel ut frå desse medlemmane leiar og nestleiar.

Valperioden i villreinutvalet for Raudafjell er på to år, og går frå årsmøtet og til og med årsmøtet to år seinare. For å unngå att heile styret er på val samstundes, så er representantane for Flåm, Aurland, Underdal og Nærøy valde for eit år fyrste valperioden, seinare to år.

Styret er vedtaksført når minst 4 av medlemene er til stades. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltrøyst.

Styret kan leiga sekretær, kasserar, oppsynstenester og anna hjelp, ut frå dei rammer som årsmøtet bestemmer.

Styret har ansvar for å leggja fram årsmelding, revidert årsrekneskap og budsjett for årsmøte.

Leiar og sekretær har signaturrett kvar for seg.

## § 5 **Årsmøtet**

Årsmøtet er villreinutvalet sitt høgste organ, og skal haldast kvart år innan 15. april. Innkalling til årsmøtet kan skje elektronisk med minst 14 dagars varsel.

Forslag som skal fremjast for årsmøtet må styret ha innan 15. februar.

Leiaren i villreinutvalet styrer årsmøtet.

### **Årsmøtet skal:**

1. Handsama styret si årsmelding og revidert rekneskap.
2. Handsama styret sitt framlegg til budsjett, herunder fastsetja neste års avgift på fellingsløyve ut til grunneigarane og styregodtgjersle.
3. Få framlagt jaktstatistikk, oppsynsrapport og resultat av stammeteljingar.
4. Fremja styret sitt forslag til fellingskvotar, avskytingsplan.
5. Handsama styret sin driftsplan/ bestandsplan og arbeidsplan for året.
6. Kvart år velja leiar og nestleiar mellom dei 7 på førehand valde representantane til styret.
7. Velja revisor.
8. Handsama dei sakene som styret eller nokon av medlemene vil ha fremja for årsmøtet.
9. Føra møtebok, der avskrift av vedtak og referat skal sendast medlemene og sentrale organ.

## § 6 **Årsmøtet kan:**

- vedta ordningar som regulerer jaktutøvinga til medlemene. Slike ordningar kan til dømes vera: nattefreding, innskrenka jakttid, endra struktur på tildelte løyve, pålegga kjeveinnsamling, m. m.

Slike vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Medlemene må retta seg etter slike vedtak. Årsmøtet kan ikkje vedta ordningar som handsamar medlemene ulikt.

### § 7. Medlemskontingent

Dei tilslutta jaktrettshavarar (jfr. § 3) melder seg inn med signatur. Finansieringa av Raudafjell villreinutval skal på sikt basera seg på ei avgift på tildelte fellingsløyve. Avgifta må vera i samsvar med ei forsvarleg forvaltning ut frå arbeidsoppgåver. Fram til ein opnar for jakt må styret søkja midlar frå grunneigarlaga, kommunar og andre aktuelle aktørar.

Fellingsavgifter skal vera innbetalt det året fellinga var, ved seinare innbetaling mister ein røysteretten ved påfylgjande årsmøte.

### § 8. Stemmerett på årsmøtet

Kvart jaktfelt som er representert på årsmøtet har ei røyst. Dersom nokon krev det, skal arealstorleik på dei representerte jaktfelta leggjast til grunn ved avrøysting.

Årsmøteutsendingar har høve til å møta med fullmakter. Jaktfelta står fritt til å oppnemna årsmøteutsendingar.

Vanlege årsmøtesaker vert avgjorde med vanleg fleirtal. Vedtektsendingar krev 2/3 fleirtal.

### § 9. Årleg kontaktmøte

Det bør haldast årlege kontaktmøte mellom villreinutvalet og villreinnemnda. Desse møta kan leggjast til årsmøte eller styremøte.

### §10 Ekstraordinært årsmøte.

Ekstraordinære årsmøte kan haldast når styret eller minst 1/3 av medlemane krevje det.

Innkallinga skjer på same måte som årsmøte og det kan kun handsame dei sakene som er nevnt i innkallinga.

### § 11. Oppløysing av laget

Oppløysing av laget krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte på årsmøtet, og må takast opp att på eit ekstra årsmøte, som tidlegast kan haldast 2 månader seinare. Her krevst det og 2/3 fleirtal.

Utvalet si formue skal etter oppløysing og gjeldsavhending, gjevast til det formål utvalet arbeider for å fremja, ved at nettoformuen blir gjeve til ein ideell organisasjon som årsmøtet bestemmer.

Ingen medlemar har krav på utvalet sine midlar eller andel av desse.

Godkjent på Årsmøte til Raudafjell villreinutval 29. april 2019.